



Uskedelingane på marsj mot sentrum saman med dei andre deltakarane (Foto: Tor Edward Taranger)

3 av dei 50 laga som deltek i årets Husnescup er frå Uskedalen og cupen har i tråd med tidlegare regi fått ein riktig triveleg start i dag for dei 450 deltakarane.

Cupen er for dei i aldersgruppa 10-12 år og omfattar 4 klassar. UIL stillar i Jenter 11 og gutar 10 og 11.og dei hevda seg bra den fyrste cupdagen. Kampane held fram imorgon og jentelaget skal i elden allereie 8.40.

Sjølve cupen går over 2 dagar og på fredagskvelden er det eit sosialt samver med servering i telt. Midt på dagen laurdag gjekk deltakarane i marsj frå idrottsområdet til sentrum i fargerike klede og det vart halde ein appell.